

Les i kyrkjebladet

Prost Knut A. Knudsen har skrivne julehelsing.

Side 3.

Astrid Vik frå Stamnes skriv om jul i sin barndom.

Side 4 og 5.

Gunvor Bjørsvik kjem med fleire glimt frå Kina.

Side 6 og 7.

Nytt frå 2000-års feiringa kan de lesa side 7.

Bilete av 50- og 60-års konfirmantane kan de sjå side 10 og 11.

Les om samling for sokneråda og nytt frå kyrkjeverva på side 12.

Konfirmantåret er godt i gang, sjå side 16.

Preikelista finn de side 15.

Redaksjonen vil takka alle lesarane for fylgjet i 1999, og ynskja alle ei god og fredfull julehelg, og alt godt i det nye tusenåret som ligg og ventar på oss.

Ragnvald Kringlebotten



Jubilèumsgåve til borna

Feiringa av 2000-årsjubilet for Jesu fødsel er i gang! Frå fyrste sundag i advent i år og fram til jul neste år vert det feiring, og i vårt prestegjeld tok feiringa til med mellom anna gåveutdeling. Gåva var kalenderboka "Framtidslandet", ein annleis adventskalender. Annleis fordi det ikkje er ei ny luke som skal opnast kvar dag, men ei ny side med ein ny historie. Annleis og fordi han ikkje er slutt julaftan, men varer heilt fram til 6. januar – Heilage Tre Kongars dag. Boka er berekna på born frå 4 til 10 år, og det var desse som fekk boka – ei bok til kvar syskenflokk. Borna var inviterte til gudsteneste i si kyrkje i november, dei som ikkje fekk boka der fekk ho på anna vis. Bilete under syner dei som fyrst fekk boka, borna i Bergsdalen.

På side 8 og 9 kan du lese ein av historiane i boka, dei som har boka las denne historien 2. desember.

Foto: Frode Kvamsøe



STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 19 januar 2000.
Bladet kjem ut i veke 7 som byrjar med 14. februar.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20
Fax 56 59 89 46

Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar:
Ragnvald Kringlebotten,
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
Kasserar:
Elisabeth Dyrhol,
Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.
Tlf. 56 59 70 88
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

"Neste år i Jerusalem"?

Ein tur til dei bibelske stadane i Israel har nok mange drøymt om og tenkt på. Eller ein har vore der og skulle gjerne ta ein tur til. Neste år kan det verta røyndom! Våren er dessutan den flottaste tida å vitja Midt-Austen på. Temperaturen passar utmerka for oss nordbuarar.

Reiseleiar

John Ove Thaule som no er sokneprest på Vossestrand er reiseleiar saman med Elbjørg Therkelsen som arbeider for Israelsmisjonen. Dei har begge mange turar bak seg til Israel. Dessutan er det med norsk-talande israels guide. Det vert egne førebuingssamkomer.

Pris

For 13 dagar (**Torsdag 2. – Tirsdag 14. mars**) med alle utgifter t/r Flesland: **kr. 13.500.** (Alle turar, halvpensjon, avgifter, inngangspengar, tips m.m.).

Påmelding,

Reisebrosjyre og nærare opplysingar hjå Soknepr. John Ove Thaule, 5713 Vossestrand. **Tlf. 56 52 24 73 el. Israelsmisjonen tlf. 55 23 06 46**

Utgjevingar år 2000

- Nr. 1 veke 7 (februar)
- Nr. 2 veke 13 (april)
- Nr. 3 veke 21 (mai)
- Nr. 4 veke 26 (juni)
- Nr. 5 veke 36 (september)
- Nr. 6 veke 42 (oktober)
- Nr. 7 veke 50 (desember)

Godkjende leverandørar av gravminner

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner. Alle gravminner må være innanfor forskriftene i gravferdsloven. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.
Åsane stein AS
Sæthre stenindustri AS
Kjøøl Stenindustri
Øien steinhuggeri
Brødrene Strand Stenhuggeri AS
Decoform Gravmonumenter AS

Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent. Godkjenningar i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.

**KYRKJESTADEN****DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 100,-

hjá Petersen & Ypsøy og på Kyrkjekontoret.
Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5721 Dalekvam .
Tlf. 56 59 61 20

Jolepredikant i 30 år

Minneboka mi er sprengfylt framfor siste jolafeiring i dette år-tusenet. Eg tok til som marineprest med vitjing jolakvelden til alle som var på vakt, seinare har det vore mange gudstenester kvart einaste år. –Eigentleg er

det eit privilegium å få vera med på dette, sa ein av organistane eg samarbeidde med i Namdalen. Setninga har bite seg fast, det er slik det kjennest djupt i sjela. Eg er så glad kvar jolekveld, syng borna framleis, i så godt tempo at organisten knapt heng med. Sæle jolekveld, syng dei som har levd ei stund og kjenner på korleis det daglege strevet bleiknar mot orda om Frelsaren. Songkor øver, solistar stiller opp, mange vil gripe "tonen frå himlen", som Ingemann syng om i pilgrims-songen: Fager er jordi.

Mange gode hender er viktige, når jolehelga går føre. –Skal du ikkje heim du også snart, spurde eg reingjeringshjelpa i kyrkja i Hammerfest, etter at tre gudstener var avvikla.

–Det er høgtidsgudsteneste i morgon att, då må alt vera perfekt! Og det var det, og er det, jolefeiring er dugnad av mange gode, tradisjonsberande krefter.

Snøscootertur tvers over Sørøya i månelaus mørketid krev røynd kjørar og prest med tillit, utkant-skulane har også krav på merksemd og jolamarkering. Om bøn eller bensin er viktigast undervegs frå kyrkje til kyrkje ein jolekveld, er lett å svare på. Utan velsigning er det ikkje mogeleg å gjennomføre eit stramt program for fleire born og berre ein prest. Snøføyke lagar fenner, og grøfte-ne er ikkje lette å koma ut or.

Inga kyrkje kan vera gudsteneste-laus ei jolehelg, det krev kalls-medvit hjå granneprest når ei bygd er utan fast prest. Det kan også krevje omsyn til trafikktryggleik og drosjesjåfør, når bustad og kyrkje har 300 km på isholke mellom seg. Mange vil heim til jol, gjerne for å få døypt eit nytt barn i heimekyrkja. Tenestemotto i Nord-Hålogaland var: Ingen udøypt i mitt prosti!

68-arane let ikkje jola i fred. Alternativ feiring kom som utfordring, og kan hende fekk nokre dårleg samvit. Handelsnæringa får framleis kritikk, men ofte vert det gløymt at deira omsetnad i desember kan gje overskott til mykje god sponning heile året. Kjøparane må vel heller svara for seg sjølv, det djupaste kan ikkje kjøpast for pengar. Men mange vert glade for merksemd og helsingar.

Jolepreika må vera ny kvart år. Sjølv om tekstane er dei same, er ikkje situasjonen lik. Eit år i ei bygd fører historia vidare, med smerter og sagn, men óg med mange gleder. Tryggleiken vår er festa i at vi lever for Guds andlet. Gud kom til oss gjennom Sonen, Gud kjem til oss gjennom Anden, Gud kjem att og skaper sitt evige rike.

Jolegudstenestene har låg terskel, for mange er det viktig å ha denne forankringa. Utfordringa både for kyrkjegjengarar og forkynnarar er å sjå og hjelpe til å sjå at terskelen hjå Gud alltid er låg. Når Gud kjem til oss, i skapnad av ein tenar, som barnet i krubba og som mannen Jesus, er det enkelt å svara og å tru.

Knut A. Knudsen



Prost Knut A. Knudsen deler opplevingar som jolepredikant gjennom 30 år med oss.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Sæle jolekveld

Sæle jolekveld!
Englar høgtid held,
syng i dag den same songen
som dei song den fyrste gongen
over Betlehem:
Sjå din konung kjem!

Sæle jolekveld!
I vårt låge tjeld
vil no Jesus heimvist taka,
så hans sysken små kan smaka
her på jord den fred
som Guds englar kved.

Sæle jolekveld!
Lat ein heilag eld
stiga høgt i logar klåre
opp ifrå vår låge åre,
brenna i kvart bu
høgt i takk og tru!

Sæle jolekveld!
Englar høgtid held,
lovar Gud for dei fekk kveda
ut på jord den store gleda.
Syng då alle med,
jord og himmel, kved!

Elias Blix

Jul i min barndom

Eg vart fødd og vaks opp i Kalvik, og når eg tenkjer tilbake på jula i min barndom, så synest eg det er mange ting som er snudd på hovudet. Før var det meir ro og forventning over arbeidet før jul og over sjølve jula. No er det julebord og salgspress mange viker i forveien, og det sentrale i jula; Jesu fødsel – blir meir og meir borte i ståket.

Førjulstida

Det var mange ting som skulle gjerast til jul før i tida óg, det var ingen som hadde maskinar som gjorde arbeidet då. Klærne vart vaska på brett, og alt skulle vera reint til jul, sengtøy, gangklær og dukar. Så vart stova og kjøkken vaska, og messinghengelampen vart pussa, og det var me småjentene som måtte pussa messing. Mor og ei farsyster vår baka lefser, kling og flatbrød, og så baka me ein stor haug med vasskringler. Julebrød skulle bakast veslejulaftan for at det skulle vera fersk til jul. Mor laga sylte og rullepølser, ho kokte oskelut av bjørkeoska til å luta fisken i, for god lutefisk høyrde med til jula. Men me fekk ikkje smaka på julematen før julafta, me skulle ha det til å gleda oss til.

Nokre dagar før jul kom det folk frå Toskedalen over fjellet for å handla på Stamnes. Dei fekk låne båt hos oss over fjorden. Når mor såg at båten var på veg tilbake, var det på med kaffikjelen. Mor var gjestfri og folk frå Toskedalen måtte alltid innom til oss å få mat og kaffi, før dei skulle heimatt over fjellet med den tunge børa.

Julafta

På ettermiddag julafta var det bading eller lauging som me sa. Då var det "laugesåen" på kjøkkengolv, og så gjekk det etter tur. Først dei minste borna og så oppover etter alder, og til slutt dei vaksne. Vatnet i såen vart ikkje skifta for kvar som bada, men berre av og til.

Det budde eit par gamle folk oppe på garden. Dei hadde ikkje akkurat så mykje å halda jul på. Men mor tok seg tid å gå opp til dei med ei full korg med julemat. Ein kvit duk hadde ho med seg og lys på bordet.

Me borna gjekk å venta på at mor skulle koma att, ho måtte koma før kyrkjeklokka ringde jula inn. Og det gjorde ho, ho kom att i god tid. Då vart juletreet pynta. Det fekk ikkje me borna vera med på. Når det var ferdig pynta fekk me koma innatt i stova.

Mor gjorde fjøsstellet tidleg unna. Me hadde berre ei ku og to sauer, så det tok ikkje lang tid.

Me bruka å ha pinnekjøtt i 12-13 tida på dagen, så hadde me lutefisk om kvelden. Seinare vart det bytt om med risengrynsgraut om dagen og pinnekjøtt om kvelden. Julebordet vart dekkja med kvit duk og lys og alt som godt var av mat.

Me sette vindauga oppe når kyrkjeklokkene begynte å kima, så me fekk lyden rett inn i stova.

Etter maten var det julegåver, dei var korkje mange eller dyre i dei dagar. Ein kopp med "Flink pike" eller "Flink gutt" var



Astrid Vik fortel frå si barndoms jul.

Foto: Magne Solhau

storarta, eller eit par lommedukar med eventyrmotiv på. Far hadde sandfarty og han handla litt til jul i Bergen hos systrene Vinsiansen på Nøstet. Då sende dei alltid med han juleklapp, sigarar til far, eggelikør til mor og ein stor pose med kjeks og sjokolade til borna. Når me hadde gått eit par songar om juletreet, fekk me posen med gotter til å kosa oss med.

Juledag og romjul

Mor var tidleg oppe juledagsmorgon, når ho hadde gjort unna fjøsstellet kom ho med julebrødsriver med ost på og sjokolade på senga til oss. Den morgonen fekk me stå opp når me vilde.

Juledag skulle alle vera kvar hos seg, ingen måtte gå nokon stad. Me småjentene verke etter å få visa nabojentene kva me hadde fått til jul, og sjå kva dei hadde fått.

Fjerde juledag var det juletefest i skulestova, og det var eit av høgdepunkta i jula.


Så gjekk tida så altfor ført og brått var jula over.

Astrid Vik



På dette biletet frå 1924 er Astrid Vik saman med det meste av syskenflokket sin. Framme fv. Astrid f. 1915, Brynhild f. 1911, Bergljot f. 1906, på fanget Margrete f. 1922 og Herborg f. 1917. Bak fv. Hans f. 1909 og Olav f. 1912. Malmfrid f. 1908 var ikkje med på biletet og yngste bror Einar var fødd i 1924 etter at biletet vart teke.

Foto: Ein omreisande fotograf, utlånt frå Vaksdal kulturkontor




Denne gongen tek me med ein teikning som vart laga av ein elev ved Dale barneskule til julenummeret for kyrkjebladet i 1981. Me veit diverre ikkje namnet på vedkomande, men eleven gjekk i 5. klasse skuleåret 1981-82.

"-Og Herren virket med, og stadfestet ordet ved de tegn som fulgte med." Mark. 16, 20.

"-Tjen Herren med glede", leser vi i Salme 100. Det gjelder for oss alle, enten vår tjeneste er hjemme, eller som oss blant andre folkeslag, for det meste. Det var med Guds kall til tjenesten, og sterke, troverdige ord fra Guds ord, vi reiste ut. (Johs. 3, 16, Matt. 28, 18-20 og Johs. Åpb. 1, 18. Jesu sterke, seirende og triumferende ord til sine disipler på Oljeberget, står fast. Han har all makt, griper inn, ordner opp. -Og så er han med i alle dage og i alle år. Paulus fant ord for tjenesten i Ef. 3,8. "Mig er den nåde gitt-" Og det blir bare forsterket gjennom årene, av det vi opplever ved Guds ords virkning og inngrep. Ja, enkelte "hendelser" føles så sterkt å oppleve, at man føler sig helt uverdig å få oppleve det personlig, og å bringe det videre. Men det er Gud som gjør gjerninger, og all ære, takk og pris tilkommer han. Tanken går til Jesu ord til folket, da de ikke ville tro. "-Tro mig. Men hvis ikke, så tro det dog for selve gjerningens skyld." Johs. 14, 11.

Sist jeg skrev i Kyrkjebladet, fortalte jeg om hvordan det blev bevist, at en kristen kone "som bodde langt ut på landet", trodde på en levende og allmekig Gud og Jesus. (For dem som ikke har lest det). Hun var i sitt ensomme bønnerom, og fikk en visjon, at hun skulde ta bærestol og dra til Sinhwa. Der skulde hun møte en mann so het "Bei-Shi (Min mann) "Presten Bjørsvik". De drog i vei. Fant frem. Alt stemte. Hun var overbegeistret og lykkelig, stanset noen dage, og drog triumfe-



Evangelisten Nui-Shi-eh saman med familien i 1958.

rende hjem til sitt bønnerom. Nu talte også gjerninger. Min "hendelse" kom noen år senere. Da var vi på Taiwan. Min mann var lærer på preste-skolen, som hold til i leide lokaler i Taipeh, i påvente av eget husrom i en by lenger syd. For at evangelisten, som hadde ansvar for en menighet for en menighet i byen, kunne bli elev ved presteskolen, var min mann hjelpeprest. Kona hans var bibelkvinne, og da var det naturlig at jeg hjalp henne. I byen var det en stor systue. Det var offiserfruer som sydde militærutstyr. Symaskinene stod på rekke og rad. Det blev holdt "formiddags-andakter" visse dager. Da stod alle maskinene, og de som vilde ble sittende. Andakten varte i 20 minutter. Jeg blev bedt om å delta, og fikk mine dage. - En dag jeg var ferdig, og gikk ned langs rekkene, reiste en dame sig." Jeg er en kristen, jeg har en nabo som er syk. Det er kreft. Der

er ikke noe håp. -Før var han en motstander, men nå ligger det en stor Bibel på nattbordet. Kan du tenke dig å gå og besøke han? -Ja, det vil jeg gjerne gjøre. Kan jeg ta bibelkvinnen med, vi bruke å gå sanmen? -Ja, det er helt i orden. Ring på hos mig, så skal jeg introdusere dere" Som sagt, så gjort. Konen i huset tok svært fint imot oss. Et blick på den syke sa mig, at her måtte vi stanse bare en kort stund. Måtte Gud hjelpe oss å finne de rette ord. Vi gikk tilbake senere, og da vi flyttet fra byen, fortsatte bibelkvinnen å gå, og evangelisten også. Evangelisten tok turen hjem med helgene, og så en dag kom han og fortalte at nu var mannen døpt. Jeg blev glad, men var opptatt med servering av gjestene, så det blev ikkje snakket mer om dåpen. -Så en dag blev jeg innkalt til et "Kirkens kvinnekomite-møte."

Det gledet jeg mig til. Bare det å få kjøre med ekspressstoget to timer frem og tilbake gjennom det flotte landskapet langs havet, var en opplevelse, og så møte venner og medarbeidere igjen.

–Da jeg kom frem til møtet, sier bibelkvinnen til mig. "I lunchpausen i dag må vi to stikke av og gå bort til Monghjemmet og hilse på. Nu har mannen ikkje lenge igjen."

Vi slukte litt mat, og stakk av gårde. Det var et stykke å gå. Da vi kom inn på sykerommet, så jeg straks situasjonen, og gikk stille bort til sengen og hilste på. Den syke så på mig, - og så kom det –"Vet hva som hendte. "En natt kom du bort til sengen min og sa: "Mister Mong, du må bli døpt

med en eneste gang" (stillhet i rommet). "Jeg vekket kona og sa: Jeg må bli døpt med en eneste gang. Vi måtte vente til det blir lyst. Tidlig om morgenen ringte det på døren. Der stod evangelisten. Da han hørte hvad som hadde skjedd, hentet han presten." Fremdeles stillhet i rommet. –Jeg stod der som om jeg var lenket til jorden, maktesløs, overveldet. Jeg hadde sovet i min seng mange mil borte. Gud føltes så nær.. Jeg fikk ikkje frem et eneste ord. –Så løfter mannen armene høit over sengen og foldet hendene, "Og nu har jeg lagt alt i Guds hender. Det var som en kunne føle hvor trygg han var. Så fikk jeg lyst velsignelsen. Vi hilste og gikk stille ut.

Det var som stillheten fulgte oss. Vi trengte ingen ord. Det var bibelkvinnens mann som hadde hentet presten. Og vi snakket ikke om det senere heller.

"Herren er i sitt hellige tempel, stille for Hans åsyn all jorden". Vår plass er å gjøre som den ene spedalske: Takke og ære Gud.

Nu er det snart jul, og englenes glade budskap skal lyde over hele jorden. "Eder er idag en frelser født som er Kristus Herren i Davids stad." Og det er en stor glede som skal glede alt folket. Ingen glemt. Ingen utestengt. God jul til alle!

Gunvor Bjørsvik



Det er ikkje lagt opp til særskilde arrangement for denne jubileumsfeiringa. Målet er å heller farge dei gudstenestene og samlingane som vi elles har i advents- og juletida med jubileum og glede.

Nyttårsaftan

Nyttårsaftan er kvelden då "ingen skal vere åleine". Rundt om i bygdene vert det markering av tusenårskiftet med samkomer i utandørs eller i høvelege lokale. Kyrkjene vil og verta opne, dei fleste med gudsteneste eller ei liknande samling frå kl.22.30 til omlag 23.15. Somme har gjort det til tradisjon å vere i bøn i kyrkja når det nye året vert ringt inn, og det vil det vere høve til og i år, sjølv om gudstenesta er ferdig tre kvarter tidlegare. Etter planen vil kyrkjene vere opne iallefall fram til kl. 00.30, slik at det vi vere høve både å få med seg ei stille stund i kyrkja og å ta del i markeringa elles i bydga.

Fellesgudsteneste i Tabernaklet

Gudstenesta på Vaksdal Nyttårsdagen vil vere ei fellesgudsteneste i Tabernaklet, der både pastor Trygve Urhaug og kapellan Bård-Egil Dyrhol vert med. Med dette får ein mellom anna markert at Kristusfeiringa som er i gang gjeld for alle, ikkje berre for Den Norske Kyrkja. Gudsteneste denne dagen vil vere prega av bøn, medan gudstenestene 2. januar vil verte fokusere på solidaritet med dei fattige og svake i verda.

Felles julefester 6. januar.

På Stamnes vert det gudsteneste saman med skulen, fakkeltog og julefest etterpå denne dagen. Planane for slike felles festar andre stader er ikkje klare når Kyrkjebladet skal i trykken, men vonaleg har dei ulike arrangørane funne fram til felles opplegg for slike festar.

Nærare kunngjeringar om kva som skjer desse dagane kjem i avisene og på oppslag.

Den vesle bygda som glømte at det var jul

Av Alf Prøysen

Høgt oppi åsen lå det ei lita bygd seg sjøl.

Folk som bodde der var akkurat slik som andre folk i andre bygder. Noen var store, og noen var små; noen var flinke, og noen var late; og noen likte fiskeboller bedre enn kjøttkaker, og noen likte kjøttkaker bedre enn fiskeboller. Så de var nokså forskjellige, men når det gjaldt én ting, var de helt like alle sammen.

De var så fæle til å glømme. Og da glømte de de merkeligste ting, alle på én gang! En gang glømte de å ta på seg sko. Det hadde vært veldig varmt hele sommer'n, så alle hadde gått barbeint. Og da det ble høst, glømte de å ta på seg sko.

-Du verdens rike så kaldt det er nå da! Sa de til hverandre. -Ja, jeg skjønner ikke åssen det skal gå hvis det blir kaldere enn det er nå, sa de. -De blir verst når snøen kommer, sa de.

Og da snøen kom, gikk de barbeint ut og sa: -Å, nå må det være mange kuldegrader! Og slik gikk de og fraus.

Men så var det en dag det sto to kjerringar på et vegkryss og prata med hverandre og fraus på beina. Da fikk de se en guttunge som spurte smeden om hvorfor han skodde hesten, og da skjønte kjerringane at de hadde glømt å ta på seg sko.

Så sprang kjerringane hjem og tok på seg sko, og etterpå gikk den ene kjerringen i øst og den andre kjerringen i vest og fortalte folk hvorfor dei fraus på beina. Og så tok de på seg sko alle sammen.

En annen gang hadde de glømt å spise. De gikk flere dager uten mat, og til slutt ble de sjuke alle sammen og måtte gå og legge seg og ringe etter doktor'n. Men han kunne ikke komme, for han hadde glømt å spise, så han va like sjuk som de andre.

Men en dag doktor'n var var på beina, kom det fram en musunge med en ostebit i munnen, og da skjønte doktor'n hva det var de hadde glømt.

Og så sto han opp og spiste, og etterpå reiste han rundt på sjukebesøk i hele bygda og sa at de hadde glømt å spise. Og så sto alle sammen opp og spiste, og så ble de friske igjen.

Men verst var det den gangen de glømte at det snart var jul.

Da det ble lille julaften, var det ingen som hadde gjort reint i huset og hengt opp reine gardiner, og

ingen hadde funnet juletre, og i butikkvindueene var det ikke så mye som ei julenissemaske engang.

Skoleungene sto på skolen og sang "Kom mai, du skjønne milde", og det fans ikke så mye som en eneste smultring i en eneste kakeboks i hele bygda. I ei lita stue aller øverst i bygda, like ved skaubrynet, gikk det ei lita jente og tenkte og tenkte. Hu var bare fem år, og ellers brukte hu å hoppe og danse og leke og ha det moro, men nå gikk hu bare og tenkte. Hu gikk inn i skauen og sto og så på de små granbuskene.

-Det er noe vi har glømt nå igjen, sa veslejenta til seg sjøl. -det er noe med ei lita gran, men jeg husker ikke hva det er.

Så gikk jenta inn i stua og fant ei saks og litt gråpapir. -Det er noe med ei saks også, tenkte jenta, -men jeg kan ikke huske hva det er.

Så gikk jenta på låven, og der fikk hu se et kornband som far hennes hadde hengt høgt under en takbjelke så musa ikke skule få tak i det.

-Det er noe med dette kornbandet også, tenkte jenta, og så sto hu der og så seg omkring, og så fikk hu se den lange stanga som de brukte å ha juleneket på. Og da husket den vesle jenta at det snart var jul!

-Å, det er jo lille julaften, det er jo lille julaften, ropte jenta og sprang inn for å fortelle det til mor og far, men de var ikke inne. -Å, åssen skal jeg få sagt fra til alle i hele bygda at det snart er jula? Åssen skal jeg få sagt til alle i hele bygda at det er lille julaften? sa jenta.

Hu prøvde å ta den høge stanga og sette juleneket i toppen på den, men det greide hu ikke. Men så skjønte hu hva hu skulle gjøre! Flaggstanga! Hu kunne heise opp juleneket i flaggstanga!

Og det greide hu, og så fort veslejenta hadde gjort det, fløy en liten meis fra den øverste greina på den høyeste grana så snøen raste nedover stammen.

-Hvor skal du, hvor skal du? kvitret de andre meisene som satt og halvsov innimellom greinene.

-Det er jul, det er jul, veslejenta har satt opp julenek!

-Vi blir med, vi blir med, sang de andre meisene og fløy av sted.

-Hvor skal dere hen, hvor skal dere hen? ropte spurvene som satt på telefontrådene.

-Det er jul, det er jul, veslejenta har satt opp jule-
nek! sang meisene.

-Vi blir med, vi blir med, sang spurvene og startet
på likt ifra telefontrådene så alle telefondamene
fikk dotter i ørene.

Og akkurat da lettet alle dompapene fra nypebus-
kene i hagen.


Damene på telefonsentralen sprang bort til vinduet
for å se hvor fuglene skulle, og da så de juleneket i
flaggstanga. Og damene til å ringte rundt i hele
bygda og fortelle at de hadde glømt at det snart var
jul. Og folkene til å bake og koke og steike, noen
gjorde reint i huset, og noen hengte opp reine gar-
diner... og noen gikk ut i skauen og fant juletre...
og noen pakket inn julegavene som de hadde gje-
mt unna før de begynte å glømmе, og noen hengte opp
julestjerner i vinduene...

Til slutt klatret alle sammen i hele bygda opp i ei
kjempediger balje som snekkeren hadde lagd mens
de andre pyntet og gjorde i stand til jul, og så badet
de alle på én gang. Og akkurat da de var ferdige og
hadde fått på seg reine klær, og mora til veslejenta
i stua alle øverst i bygda sto og knyttet ei rød sløy-
fe i håret på henne...

**AKKURAT DA RINGTE KIRKEKLOK-
KENE OG SÅ VAR DET JUL.**

(Trygt med løyve frå IKO-Forlaget.

Tidlegare utgjeven på Tiden, Oslo 1976.)



*Her er fireåringane som fekk "Mi kyrkjebok" i Dale kyrkje 14. november saman med
sokneprest Frode Kvamsøe.*

Foto: Eli Kringlebotten



60-års konfirmatjubilantar i Dale kyrkje 17. oktober 1999.

1. rekke fv. Asbjørg Ringstad Takvam, Jorunn Mikkelsen Schaathun, Ella Hop Skjerve, Kristi Øye og Bjørg Aronsen Kleven. 2. rekke fv. Sigmund Dalseide, Torleif Tollefsen, Martin Søvik, Liv Stokke Sellevold og sp. Frode Kvamsøe. 3. rekke fv. Evald Grøslund, Trygve Rasdal, Otto Heimdal, Ragnar Takvam, Magnus Sigurdson og Johannes Takvam.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



50-års konfirmantjubilantar i Dale kyrkje 17. oktober 1999.

1. rekke fv. Håkon Breistein, Marta Grøslund Ekse, sp. Frode Kvamsøe og Bjarne Fotland. 2. rekke fv. Bjørn Faugstad, Arthur Kårbøl og Randolph Rønhovde.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



50-års konfirmantjubilantar i Vaksdal kyrkje 24. oktober 1999.

1. rekke fv. Reidar Vaksdal, Bjørg Hausle, Aslaug Hansen Vik, Åse Faugstad Melcher, Else Faugstad Skulstad og Marie Evensen Waage. 2. rekke fv. Dagfinn Boge, Ole Blomdal, Malvin Jacobsen og Arnfred Tolås.

Foto: Bjørn Knutsen



50-års konfirmantjubilantar i Stamnes bedehus 11. september 1999.

Rundt bordet frå venstre: Håkon Jacobsen, Helga Åse Eide Nymark, Arnold Nordheim, Martin Kaland, Maria Møster, Torleiv Vassenden, Eldbjørg Nesse Langeland, Halldis Langeland og Idar Simmenes.

Foto: Solbjørg Vassenden

SOKNERÅDS-SAMLING 1999

"Reis deg, Guds menighet!" Målretta arbeid i sokna våre

Laurdag 23.oktober var sokneråda i Vaksdal si årlege samling. Staden var BKK sitt kurscenter på Dale, og dagen starta med lunsj kl.12.00 Halvtimen før hadde kasserarane i sokneråda eit informasjonsmøte med kyrkjeverja.

Leiar i kyrkjeleg fellelsråd, Tove Margrete Nordmark, ynskte velkomen til samlinga og helsa med orda frå Salme 23. Kyrkjeverje Svein Tøsse sa i sitt innlegg at formålet med samlinga var å formidla informasjon, gje inspirasjon og visa nye vegar.

Korleis arbeider dei i Fusa?

Harald Geir Sæter, dagleg leiar i Fusa kyrkjelege fellelsråd, og Anne Martinsen, fellelsrådsleiar same stad, gav ei grundig og interessant innføring i det som blir kalla "Fusa-modellen". Fusa er eit lite prestegjeld med omlag 3620 innbyggjarar, 5 kyrkjer og 10 kyrkjegarder. Før ny kyrkelov vart innført i 1997, var det 4 sokneråd. No er dei slått saman til eit sokneråd som også samstundes er fellelsråd. Vi fekk ei god innføring i korleis arbeidet no var organisert, og kva røynsler dei hadde så langt.

Jubileum 2000 og ettersitasrapport

Sokneprest Kvamsøe orienterte om kva tiltak kyrkja vert engasjert i når det gjeld Jubileum 2000, som er den kristne kyrkja si markering av feiringa av Jesu fødsel. Han la også fram eit utkast til Ettersitasrapport etter biskopen sin vitas i 1998. Han tok fatt i noko av det som biskopen hadde peika på i sin protokoll og vitasforedrag, og utdypa kva som er skjedd/ikkje skjedd på dei ulike felta.

Konfirmantundervisninga

Kapellan Dyrhol orienterte om konfirmantundervisninga i preste-gjeldet. Ei nemnd arbeider med ein plan for konfirmantundervisninga i Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Stamnes. Eksingedalen og Nesheim har sitt eige opplegg som er under utprøving.

80-90% av ungdomskullet tek del i kyrkja si konfirmantundervisning. Det er den største moglegheita kyrkja har for

å påvirka ungdommen.

Ein ynskjer å gjera konfirmanttida til ei god oppleving for konfirmanten, slik at dei kjenner seg velkomne og verdsett i kyrkjelyden. Det skal leggjast vekt på oppleving, ikkje berre læring. Konfirmanten skal kunne få eit møte med Gud og bli betre kjent med Bibelen og den glade bodskapen.

Kva treng kyrkja?

Kva legg me vekt på?

Tre personar frå kyrkjelydane hadde kvar sitt innlegg før forsamlinga delte seg i grupper for å drøfta emnet vidare.

Helge Gullbrå meinte at bodskapen er det viktigaste. Folk ser ikkje at det er synd i verda, og difor ser dei ikkje at dei treng frelse. Det er to vegar i livet. Vi vil peika på himmelvegen. Ein kristen må gje avkall på sitt eige og fylgja Jesus. Han må vera i teneste for Jesus med heile livet sitt. Han må sjølv vera Jesu lærling og visa andre til han.

Arne Normann tok for seg nærleik, omsorg og nestekjærleik. Det mest grunnleggjande behov mennesket har, er å bli sett. Vi må visa omsorg. Det må vera ein vekslerknad mellom å lytta og å snakka, og vi må våga å ta på kvarandre. La kyrkja stå for det ho står for: forkynna kva som er rett og galt. Har vi omsorg for dei som ikkje er der? Vi kan be for dei, telefonera, skriva brev eller ta direkte kontakt. Alle menneske har same verdi for Gud. Vi skal vera med å løfta folk opp som synest om seg sjølv at dei ikkje har så stor verdi.

Grete Loftheim Dale snakka om kyrkjeromet som står for stille, ljøs og musikk. Ho nemnde lysgloben som no er komen i både Vaksdal og Dale kyrkje. Lyset gir både lys og varme. Ho delte med oss ei fin oppleving ho hadde hatt saman med ungdommar i ei vakker kyrkje i utlandet. Opplevinga av det heilage kyrkjeromet hadde ei utroleg innverknad på urolege og til dels kyrkjeframannde ungdommar.

Gudsteneste i Dale kyrkje

Samlinga vart avslutta med ei open gudsteneste i Dale kyrkje der ein nytta salmar og liturgi frå Salmer 1997.

Referent, Reidun Takvam



Harald Geir Sæter og Anne Martinsen frå Fusa, her saman med Svein Tøsse, gav ei grundig, interessant og engasjerande innføring i det som vert kalla "Fusamodellen".

Foto: Frode Kvamsøe

NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Kommuneøkonomien påverkar vedlikehaldet av kyrkjer og kyrkjegardar.

I desse dagar vert budsjettet for Vaksdal kommune for år 2000 fastsett.

Kommuneadministrasjonen har varsla at ein vil redusera kyrkjeverja sitt budsjettframlegg med om lag kr 250 000,-. Når ein frå før veit at budsjettet for vedlikehald og graving av graver er på kr 510 000,- ser ein at det vil gå hardt ut over kyrkjegardane. Vaksdal, Stanghelle og Dale er mest utsett. Det vil likevel ikkje verte snakk om permitteringar i denne omgangen.

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Julefryd / Juleglede

Vi ventar på Jesus og jula. Kjenner du kor det kiler i magen når vi snakkar om jula? Nå er det berre å venta litt til så er jula her.

Jula er ein stor fest. Vi feirar jo at Jesus verda sin frelsar blei født i Betlehem. Heile desember har vi venta på at han skal kome. Mens vi ventar har vi tent fire adventslys, fire søndagar på rad.

Lysa lyser så fint i mørket, og vi reknar. I dag er det dagen før dagen før dagen før.

Advent betyr ankomst. Det er Jesus som skal komme, det er han vi ventar på. Jesus er den viktigaste personen i våre liv. Det er han som kom til jorda og seinare døde på eit kors for å betala for alt det gale me har gjort. Dermed kan vi få kontakt med Gud og kome til himmelen når vi dør. Dette gjorde Jesus. Det var derfor han kom og blei født i ein stall. Hugs å takke han denne jula for det han har gjort for deg og meg, og den beste julegåva du kan gi Jesus er å gi han livet ditt.

Bestem deg for at du vil leva heile livet ditt saman med Jesus.

Eg vil ønskja alle ei God Jul og eit velsigna Godt Nyttår, og alt godt i det nye tusenåret, år 2000.

Julehelsing
Anne-Sølvi Haukaas,
Ullsteinvik.

Ps. Anne Sølvi er gift med Per Kolbjørn som kjem frå Toskedal i Vaksdal.

EIN KVELD I RO OG MAK

Det nærmar seg folkens, med stormskritt, det som engasjerar oss alle. Det er likt for oss alle. Alle får vere med, små og store, gamle og unge. Her er korkje fri eller træl, mann eller kvinne, eksingedøl eller bogar unnateken. Me skal alle gjennom det same i vaken eller sovande tilstand. Det seier tikk.. tikk.. tikk... og så er det over. Slik er det altså! Korkje meir eller mindre. Eit nytt tusenår er inntatt.

Trudde du kanskje at det skulle vere noko meir? Litt jordskjelv kanskje, eller drønn frå fjella, ja i det minste at straumen går. Eller kanskje venta du å sjå eit voldsomt lys på himmelen, som om Vår Herre kom for å hente sin skapning.

Kvart år sit eg ved mitt middagsbord på nyttårsaftan, et og kosar meg med småprat med nokon eg kjenner, slekt eller vener. På det rette tidspunkt høyrer eg kongen sin tale til folk i dette land og "våre landsmenn i fremmede land og på havet". Kanskje får eg med meg ein årskavalkade om eit eller anna, eller resterande uleste julehefter vert pløygd i gjennom. Tid for ein tur i kyrkja nærmar seg. Vi syng alle sju versa på "Å Gud vårt vern i farne år" for å få tida til å gå. Og så er me ferdig slik at alle har høve til å sjå på klokka, tikk.. tikk.. tikk... Det einaste me høyrer er små smell frå raketane, og røyster frå menneska utanfor. Me tek kvarandre i hendene og ynskjer godt nytt år.

Vitskapen har allereie slått fast at det nye tusenåret er i gang. Jesus vart ikkje fødd i år 0, men litt før

seier dei. Andre seier at skal ein rekne rett så er det først til neste år at me tek til på det nye årtusen. Javel, så er det kanskje slik. Eg forstår meg ikkje heilt på det. Det eg forstår er at til neste år skal me skrive 00 i staden for 99 og det er jammen stor nok overgang for meg til å feire nyttårskiftet som eit tusenårskifte. MEN berre så de veit det. Eg vil feire slik eg gjorde i fjor, i forfjor og året før der igjen. Eg vil feire det slik eg alltid har feira. Ingen dunder og brak, ingen store lys på himmelen, og ver venleg å lat straumen vere slik at eg får lest julehefta mine i år òg!

GODT NYTT TUSENÅR!

Søst

KYRKJESKYSS VINTERSTID

Dersom eldre på Dale og Stanghelle har trong for skyss til Dale kyrkje vinterstid kan ein ta kontakt med

Grannekontakten på Dale
på Tlf. 56 59 70 80.

BARNELAG på Vaksdal

Vaksdal sokneråd vil starte opp att barnelagsarbeidet i Vaksdal bedehus.

Barn frå 3 år og oppover er hjarteleg velkomne annankvar torsdag i bedehuskjellaren til ein time med song, andakt og hobbyaktivitetar.

Oppstart torsdag
13. januar kl. 17.00.
Sjå etter plakat.

Alt i kjøkkeninnredning
Bad- og skyvedørsgarderobe
Snekkerverksted

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

Trelast og byggevarer

 **DALE TRELAST** a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5722 Dalekvam



PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping
Tlf. 56 59 61 58
Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto
i 2. høgda Dale Handelsforening
tlf. 56 59 79 80



DALE HANDELSFORENING
avd. Dale 56 59 61 01
Avd. Stamnes 56 59 82 03
Avd. Stanghelle 56 59 50 35



Boks 12, 5721 DALEKVAM
Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.
Husk å bestille koldtbord til konfirmasjonen.



K. Seim A/S,

Boks 114,
5721 Dalekvam
tlf. 56 59 62 23
Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.
Her kan du handle det du treng.

AKSJESPARING

- vi har fått 10 nye spanande
aksjefond i ODIN !!

SpareBank 1 Vest

Velkommen til
Stambua kafe på Dale.

Du finn oss i 2. høgda i
Dale handelsforening.

Tlf. 56 59 60 90



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.

Tlf. 56 59 67 36 - Fax: 56 59 67 75 - E-mail: kaajo@online.no

Snitter * Koldtbord * Begraveles-sammenkomster
* Overtidsmat * Møtelokale * Video * Stor-kiosk
FAST-FOOD * PIZZA * MUSIKK * VERKSTED * DEKK
GOD JUL!

JULEHANDELEN
I GANG PÅ ESSO'EN
Besøk vårt juleorg
Mange fine julepresanger

DALE AUTO SERVICE AS 

Postboks A, 5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 66 35

Ynskjer alle god jul og godt nyttår!

SLEKTERS GANG

DØYPTE



DALE

14.11 Håvard Faugstad Davidsen
14.11 Amalie Sellevold
14.11 Ina Farestveit

VAKSDAL

10.10 Amalie Vatle
10.10 Halvard Langhelle Thrulsen
21.11 Sander André Berg Marx
21.11 Karoline Hammer Verpelstad

BERGSDALEN

26.09 Kristian Fosse Osvold

STAMNES

03.10 Simen Kalvik



AVLIDNE



DALE

01.11 Astrid Valestrand, f.1902
18.11 Sigmund Prestegård, f.1909

VAKSDAL

23.10 Borghild Løtvedt, f.1915
01.11 Klara Hansen, f.1909
03.11 Bjørn Eliassen, f.1952
14.11 Johannes P. Bruvik, f.1919

STAMNES

30.10 Guri Toskedal, f.1898
02.11 Agnes Johnsen, f.1914
12.11 Ingard Simmenes, f.1921
14.11 Henning Hagen, f.1962



**VELKOMEN
TIL KYRKJE**



19.desember – 4.søndag i advent

NESHEIM kl.15. Musikkandakt.
Dyrhol.

24.desember – Julaftan

EKSINGEDALEN kl.12. Familie-
gudsteneste. Kvamsøe. Offer til
Frelsesarméen.

STAMNES kl.13.30 Familie-gudste-
neste. Dyrhol. Offer til Kirkens
Nødhjelp.

EIDSLAND kl.16.15

Vi syng jula inn.

DALE kl.15. Familiegudsteneste.

Dyrhol. Offer til Dale sokneråd.

DALE kl.16. Julaftansgudsteneste.

Dyrhol. Offer til Dale sokneråd

VAKSDAL kl.16. Familiegudsteneste.

Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

25.desember – 1.juledag

DALE kl.11. Høgtidsgudsteneste.

Dyrhol og Kvamsøe. Nattverd. Offer til

Den Norske Bibelbussen.

26.desember – 2.juledag

STAMNES kl.11. Høgtidsgudsteneste.

Dyrhol. Nattverd. Offer til Den Norske

Sjømannsmisjon.

BERGSDALEN

kl.23.00Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Den Norske

Sjømannsmisjon.

31.desember – Nyårsaftan

VAKSDAL kl.22.30

Dyrhol og Trygve Urhaug

DALE kl.22.30 Kvamsøe.

STAMNES kl.22.30

BERGSDALEN kl.22.30

EIDSLAND kl.22.30

EKSINGEDALEN kl.22.30

1.januar – Nyårsdag

VAKSDAL TABERNAKLET kl.11.

Dyrhol.

STAMNES kl.11. Kvamsøe.

2.januar – Kristi openberringsdag

DALE kl.11. Dyrhol.

NESHEIM kl.11. Kvamsøe. Offer til
Det Norske Bibelselskap.

BERGSDALEN kl.16. Dyrhol.

9.januar – 1.s.e.Kristi openberrring

Ingen gudstenester.

16.januar – 2.s.e.Kristi openberrring

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

EIDSLAND kl.11. Dyrhol. Nattverd.

23.januar – 3.s.e.Kristi openberrring

VAKSDAL kl.11. Dyrhol. Nattverd

STAMNES kl.17. Dyrhol. Nattverd.

30.januar – 4.s.e.Kristi openberrring

DALE kl.11. Familiegudsteneste.

Kvamsøe. Utdeling av "Godt Nytt" til
5.kl.

NESHEIM kl.16. Familiegudsteneste.

Dyrhol.

6.februar – 5.s.e.Kristi openberrring

VAKSDAL kl.11. Dyrhol.

EKSINGEDALEN kl.11. Kvamsøe.

Nattverd.

13.februar – Vingardssøndagen

DALE kl.18. Tomasmesse. Dyrhol og

Kvamsøe.

20.februar – Sámannssøndagen

STAMNES kl.11. Familiegudsteneste.

Dyrhol. Utdeling av "Godt Nytt" til

5.kl.

VAKSDAL kl.18. Familiegudsteneste.

Dyrhol. Utdeling av "Godt Nytt" til

5.kl.

Til kirken samle
seg fra hver gård og grend
de unge, gamle
av kvinner og av menn.

Vi ønsker eder
så glad en julefest,
Guds rikes gleder,
Guds fred i Jesus best.

På sorgens steder
/: vår herre selv vær gjest:/:

M. B. Landstad

Konfirmantåret er godt i gang

I Eksingedalen kjem dei saman til heile undervisningsdagar, og 8. og 9. klassingane er saman om dette. Konfirmantane frå Eidsland er saman med klassevenene sine i Modalen i konfirmasjonstida. På Stamnes og Vaksdal kjem konfirmantane saman til undervisning i kyrkjene sine, mens dei frå Dale og Bergsdalen sokn vert samla i Dale bedehus. Utanom desse samlingane vil konfirmantane og koma saman i mindre grupper, heime hjå ein konfirmant eller i andre heimar som vert opna for dei. 8 gudstenester skal konfirmantane vere med på i løpet av konfirmasjonstida, og fleire av desse er konfirmantane sjølve med på å lage eller delta aktivt i.

Nemder

Ei nemd er i arbeid med å lage ein lokal plan i tråd med Den Norske Kyrkja sin Plan for konfirmasjonstida. Denne planen gjev sokneråda meir ansvar for konfirmasjonstida enn tidlegare, og nemda har som mål å få til ein plan som gjev ungdomane ei god oppleving av konfirmasjonstida. Planen vil gjelde alle sokna med unnatak av dei to i Eksingedalen. Her vil ein lage ein plan for ei konfirmasjonstid strekt over to år, kor innhaldet likevel er det same som i dei andre sokna.



Eksingedalskonfirmantane, her i det sportslege hjørne. Undervisningsdagen vert meir variert når ein har høve til å leggje inn ei økt i gymnastikksalen.

Foto. Frode Kvamsøe



Konfirmantane høyrer etter når Bård-Egil underviser dei om gudstenesta andre dagen av konfirmanthelga i september. Etterpå var dei aktivt med i utforminga og av gudstenesta i Eksingedalen kyrkje dagen etter.

Foto: Frode Kvamsøe

